



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2592 - 23/27700

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
19.04.2023

Oversending av klage til endeleg avgjerd - gbnr 322/111 Mjåtveit

Saka gjeld klage på gebyr for brot på plan- og bygningslova.

Det vart 30.01.23 gjort vedtak om gebyr for brot:

Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 fyrste ledd bokstav b, jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 fyrste ledd bokstav a nummer 1 vert Frekhaug Bolig AS ilagt eit gebyr for på kr 10 000,- for uaktsomt brot på plan- og bygningsloven.

Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 fyrste ledd bokstav b, jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 fyrste ledd bokstav a nummer 2 vert Frekhaug Bolig AS ilagt eit gebyr for på kr 40 000,- for uaktsomt brot på plan- og bygningsloven.

Vedtaket er klaga på av Frekhaug Bustad AS i brev motteke 27.02.23.

I klagen vert det anført om usaklig forskjellsbehandling. For 2. ledd av vedtaket meiner ansvarlig søkar også at tiltaket i det vesentlege var i samsvar med lov, forskrift, plan og eventuell vedtekt og at det soleis ikkje er rett å fastesette gebyrstørrelse etter nummer 2.

Vurdering:

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

Momenta som vert teke fram i klagen er ikkje døme på usakleg forskjellbehandling. Kommunen skal til einkvar tid behandle saker etter likt prinsipp. Det kan likevel være ulikt når ei sak blir behandla, kva saker som er prioritert og kva saker som er meldt inn til kommunen.

Når det gjeld fastsetting av gebyrstørrelse for 2.ledd i vedtaket held kommunen fast på vurderinga som er gjort i vedtaket. Det var naudsynt med dispensasjon for å få innvilga tiltaket. Veiledninga til bokstav a nr. 2 seier følgjande:

Overtredelsesgebyr inntil kr 50 000 kan ilegges der det mangler tillatelse, og tiltaket i tillegg ikke i det vesentlige er i overensstemmelse med lov, forskrift, plan og eventuell vedtekt. Hvis det er aktuelt med en etterfølgende tillatelse vil denne kunne forutsette rettingspålegg eller dispensasjon, godtatt plassering i forhold til nabogrense etter pbl. § 29-4 tredje ledd e.l.

Det følger av veiledninga at når eit tiltak krev dispensasjon, så er det ikkje i det vesentlege i samsvar med lov, forskrift, plan og eventuell vedtekt.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 30.01.23.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frekhaug Bolig AS

Mjåtveitflaten 55

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER